



Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 34655d7e-b202-4708-838c-  
a9ec8a3d3e6e

Vår: 21/10012 - 21/81893

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

02.12.2021

## Svar på søknad til uttalelse - utvida bruk av regulert kommunal veg gbnr 443/81 Toska

**Tiltak:** Utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg  
**Byggjestad:** Toskavegen 589 – Gbnr 443/81  
**Tiltakshavar:** Laurits Klimek  
**Ansvarleg søkjar:** Arkitekt Mette Kyed Thorson

Saka gjeld søknad om utvida bruk av eksisterande regulert kommunal veg 6020 til hytte som skal få endra bruk som bustad på gbnr 443/81 på Toska.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Radøy er definert som LNF-føremål. Bruksendringa vil krevje dispensasjon frå planføremål. Vegtilkomst via kommunalveg 6020 ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Toska\_Skårnesvika\_naustområde med plan idnr. 12602016000500 er definert som vegføremål.

### VURDERING

#### Avkjørsel

Kommunen skal vurdere saka. Vurderingar etter veglova skal skje i samråd med samferdsel-, veg, vatn og avløp forvaltning.

### UTTALE:

Avkjørsle frå kommunal veg er regulert i reguleringsplan Toska\_Skårnesvika\_naustområde med plan idnr. 12602016000500. I plan er avkjørsle viset med svingradius og sikt. Ihht retningslinjer for handsaming av avkjørselssaker i områder med godkjent reguleringsplan, vil det fortsatt være nødvendig å vurdere avkøyringsforholda på stedet ut i frå Veglova § 43. Dette gjeld krav til geometrisk utforming av avkjørsle, tekniske detaljer og generelt vedlikehald av avkjørsle.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert saka og finn det forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkjørsle på vilkår.

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. I dette regelverket vert det, blant anna, sett krav til

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal kunne snu på eigen grunn.

- Krav til sikt følgjer av reguleringsplan. Sikt er ihht plan målt til 6 x 45 meter. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktsone skal, til ein kvar tid, haldast vedlike av eigar/ brukarane av avkjørsle.
- Krav til svingradius følgjer av reguleringsplan. Svingradius er ihht til plan opplyst å være  $R = 9$  meter

Utfyllande informasjon om krava til sikt og utforming av avkjørsle er å finne på kommunen si heimeside: [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak      Postboks 4      5906      FREKHAUG